

Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde

- eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Nordhordland og Helse Bergen HF v/BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS
-

Agenda:

- Prosjekt 2019 - 2021
- KOMPIS-stillingar
- Vidare prosess



Fase 1: Forprosjekt

2019 - 21

(forankring, innsikt
og tenesteutvikling)

Fase 2: Pilotering

2021 - 2026

(utvikling, utprøving
og forsking)

Fase 3: Evaluering og

vidareutvikling

(måle rekruttering og
stabilitet i tenesta)

- ✓ Kartlagt utfordringar, behov og moglegheiter
- ✓ Utarbeida skisse til samarbeidsmodell mellom kommunar og spesialisthelsetenesta
- ✓ Rapport frå forprosjekt til handsaming vår 2020

Vidareføring 20/21:

- ✓ Planlegge for utprøving
 - KOMPIS; rammer, innhald og org.
 - Fagmiljø
 - Samarbeidsavtalar
- ✓ Søknad om finansiering til pilotering/utprøving
- ✓ Rapport med framlegg til handsaming mars 2021

Gjennomføring av pilotprosjekt;

- Inngåing av samarbeidsavtalar
- Rekruttering og tilsetting
- Koordinering og oppfølging
- Forsking og evaluering undervegs

Effektmål

Langsiktige verknader, verdiskaping og gevinst:

- Auka rekruttering til eit stabilt fagmiljø med psykologkompetanse som dekker lovkravet og det regionale behovet
- Interkommunale og tverrfaglege samarbeids-strukturer som legg til rette for eit forskingsbasert og utviklande tenestetilbod innan psykisk helse- og rus
- Gode samarbeids-strukturer mellom kommunar og spesialisthelsetenesta som bygger oppunder kompetanseutvikling og felles fag- og tenesteutvikling innan psykisk helse- og rus

Kva funksjon treng kommunen at psykologane har?

- Målgruppe?
 - Barn
 - Ungdom
 - Vaksne
 - Eldre
- Klinisk?
 - Ein-til-ein
 - Grupper
 - Deltakar i tenesteteam
- Førebyggande?
 - Kurs og kompetansehevande tiltak
 - Folkehelsearbeid
- System?
 - Kartlegge tilbod, brukarerfaring og tiltak
 - Utvikle strukturar og rutinar i tenester
 - Tilbakemeldingar til adm. og politisk leiing om utfordringar, behov og tilrådde tiltak



Psykologar i kommunane i Nordhordland 2021 - 2026:

Psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene

- Tverrfagleg
- Lågterskel
- Klinisk
- Førebyggande
- System
- Tilpassa lokale behov

Moglege samarbeid med mål om auka rekruttering:

- Interkommunalt samarbeid om fleire psykologar
- Samarbeid med Helse Bergen om spesialiseringssløp for kommunepsykologar ("Kompis")
- Samarbeid med Universitetet i Bergen om praksisplassar for studentar ved psykologisk fakultet
- Andre samarbeid med Helse Bergen om kompetanseutvikling og tenestetilbod, som hospitering ved felles utredningsløp av pasientar
- Samarbeid med Universitetet i Bergen om PHD-stilling / forsking

Frå mandat:

Prosjektets resultatmål

Kva som skal vere oppnådd når prosjektet er ferdig:

- Godkjent(e) avtale(r) om interkommunalt samarbeid
- Godkjent avtale om samarbeid om «KOMPIS»
- Forslag til finansiering
- Eventuelle avtalar med UiB eller andre forskingsmiljø/utdanningsinstitusjonar
- Forslag til prosjektskisse for gjennomføring av pilotprosjekt

Effektmål

Langsiktige verknader, verdiskaping og gevinst:

- Auka rekruttering til eit stabilt fagmiljø med psykologkompetanse som dekker lovkravet og det regionale behovet
- Interkommunale og tverrfaglege samarbeidsstrukturer som legg til rette for eit forskingsbasert og utviklande tenestetilbod innan psykisk helse- og rus
- Gode samarbeidsstrukturer mellom kommunar og spesialisthelsetenesta som bygger oppunder kompetanseutvikling og felles fag- og tenesteutvikling innan psykisk helse- og rus




KOMPIS-stillingar

(kommunepsykologar i spesialisering)

- Kvifor
 - Lovkrav om psykolog i kommunar innan helse- og omsorgstenestene (§ 3-2)
 - Rekrutterande for kommunar som har vanskar med å sikre/behalde kompetansen i kommunen
 - Støtte oppunder samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta
 - Bidra til heilskapleg tilnærming til det regionale utfordringsbildet innan psykisk helse og rus
- Korleis
 - Forankring og utprøving av KOMPIS-modellen; rammer, innhald og kostnader
 - Legge til rette for- og etablere regionalt fagmiljø og nettverk knytt til Helsehuset i regionen
 - Sikre oppfølging av samarbeid gjennom formelle avtalar mellom kommunar, og mellom kommunar og Helse Bergen/spesialisthelsetenesta
 - Sikre oppfølging gjennom ansvarleg prosjektkoordinator i løpet av pilotprosjekt-perioden
- Rammer
 - Økonomiske rammer – Eigenfinansiering og eksterne midlar for gjennomføring av pilotering
 - Organisatoriske rammer – prosjektorganisering og oppfølging av avtalar
 - Følgjeforskning – sikre evaluering og overføringsverdi for andre

Skisse over KOMPIS-stillingar og regionalt fagmiljø



Kvifor satse på KOMPIS-stillingar?

- Lovkrav om psykolog i kommunar innan helse- og omsorgstenestene (§ 3-2)
 - Bidrar til å følgje lovkravet
 - Styrker fagkompetansen i kommunen
- Rekrutterande for kommunar som har vanskar med å sikre/behalde kompetansen i kommunen
 - Større fagmiljø og fleire å dele oppgåvene med
 - Tilrettelegging for spesialisering og utvikling
 - Meir robust
- Støtte oppunder samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta
 - Bidra til auka samhandling og samarbeid
 - Erfaring- og kompetanseutvikling
- Bidra til heilsakapleg tilnærming til det regionale utfordringsbildet innan psykisk helse og rus
 - Bidra til auka tverrfagleg samarbeid i- og mellom kommunar
 - Bidra i utvikling av system og tenester på tvers av kommunegrenser
 - Innsikt i helseutfordringar innan psykisk helse og rus over tid og i eit regionalt perspektiv



KOMPIS-stillingar

- Framlegg til rammeplan

- Forslag til rammer og innhald for interkommunale spesialiseringsstillingar for psykologar i samarbeid mellom kommunar og helseføretak
- Føremål: å tydeleggjere dei krava som psykologar må oppfylle for å få godkjent spesialisering, samt korleis dette kan tilpassast i spesialiseringsstillingar der ein eller fleire kommunar og spesialisthelsetenester er ansvarleg for tilrettelegging av praksis.



KOMPIS-stillingar

- Rammer

- Faste interkommunale stillingar, med permisjon til praksisår i spesialisthelsetenesta jamfør samarbeidsavtale (særavtale)
- KOMPIS-stillingane vert ivareteke av ein ansvarleg kommune jamfør interkommunal samarbeidsavtale (vertskommunesamarbeid)
- Det er foreslått at kommunane organiserer stillingane som eit vertskommunesamarbeid, der ein kommune får det administrative ansvaret (vertskommune). Psykologane vil formelt sett få løn og svare til felles leiing gjennom ein slik organisering, sjølv om dei arbeider tett med alle dei samarbeidande kommunane.
- Etter ein individuell avtale mellom psykologen, ansvarleg kommune og spesialisthelseteneste, vil det bli lagt til rette for permisjon frå stillinga for praksis i aktuell spesialisthelseteneste
- Det året/åra der psykologane har permisjon til praksis i spesialisthelsetenestene, vil gjeldande arbeidsstad ha det formelle løn- og personalansvaret.



KOMPIS-stillingar

- Funksjon og innhald

- Felles kontorbase og faste møter mellom KOMPIS-psykologane
- Kontortid/faste møter med førstelineteneste/tverrfagleg miljø i kvar kommune
- Interkommunalt perspektiv og heilheitleg tilnærming tilpassa behova til kommunane
- Høg fleksibilitet og tilgjengeleghet ved behov
- Fagleg bredde og fordeling av primærfokus



KOMPIS-stillingar

- Regionalt fagmiljø og samarbeid

❖ Intern fagbase - KOMPIS-psykologane

Ein felles kontorbase/oppmøtestad for KOMPIS-psykologane;

- vil kunne auka rekrutteringa til stillingane
- bidra til auka samarbeid og erfaringssdeling mellom KOMPIS-psykologane
- viktig med tanke på felles oppfølging og vurdering av rammene for stillingane, tilrettelegging for praksis, rettleiing og kurs
- bidra til auka fleksibilitet for kompis-psykologane og det interkommunale tilbodet, dersom psykologane kan møte tilsette og pasientar både i helsehuset og ute i kommunane.

❖ Regionalt fagmiljø – kommunepsykologar i regionen

- Deltek i faste fag-møter med kommunepsykologar, både KOMPIS-psykologar og andre fast tilsette kommunepsykologar i regionen. Til dømes gjennom faste felles møter i Region Nordhordland Helsehus, kvar eller annan kvar veke, der ein drøfter erfaringar, utfordringar, oppfølging av ulike målgrupper, tenestetilbod i dei enkelte kommunane og kunnskapsutveksling.

❖ Fagnettverk – psykologar i både kommunar og spesialisthelsetenester

Faste nettverksmøter mellom psykologar i både kommunar og spesialisthelsetenester kan danne grunnlag for auka samhandling mellom tenestenivåa og bidra til kompetanseheving.



Region Nordhordland Helsehus

Det er foreslått at KOMPIS-psykologane i stor grad bør vere knytt til Helsehuset, t.d. gjennom;

- møte- og kursdeltaking i «kunnskapssenteret»,
- å legge til rette for at KOMPIS-psykologane kan få faste kontorfasilitetar i eller i nærleiken av Helsehuset,
- praksis i ein av tenestene i bygget,
- å vere eit bindeledd mellom tenester i huset og tenester i omkringliggende kommunar i regionen.



KOMPIS-stillingar

- Estimerte kostnader

- Stillingane
 - Lønn og sosiale utgifter
 - Kurs og rettleiing
 - Kontor og datautstyr
 - Reise og anna div. administrativt
- Frikjøp til oppfølging
 - Ansvarleg kommune/coordinator /fagleg leiar
- Forsking og evaluering



Finansiering og kostnadsfordeling

- Eksterne midlar: 1/3 av totale kostnader
- Helseføretak: kostnader knytt til stillingane i praksis i spesialisthelsetenestene
- Samarbeidande kommunar: dekker grunnfinansiering og oppfølging av stillingane
- Kostnadsfordeling samarbeidande kommunar:
For at KOMPIS-stillingane i større grad skal kunne arbeide i eit interkommunalt og meir heilheitleg fagperspektiv, er det i forslaget tatt utgangspunkt i ein lik kostnadsfordeling mellom kommunane. Ein slik fordeling vil kunne gje meir fleksibilitet i stillingane og mindre sårbarheit for tilgangen til denne kompetansen.



Utprøving av samarbeidsmodellen - 5-årig pilotprosjekt

- Kompetanse- og innovasjonstilskot (22. mars)
- Program for distriktsmedisin forsking og fagutvikling (15. sept.)
- Nasjonale midlar knytt til innovasjonsprosjekt om rekruttering av psykologar til kommunar (Dok. 8-forslag)



Vidare prosess:

- Forankring- og bearbeidingsprosess for rammeplan for KOMPIS-stillingar.
- Søkje eksterne midlar og tilskot til pilotprosjekt for utprøving av samarbeidsmodell.
- Vurdere vidare forankringsprosess for inngåing av lokal særavtale mellom kommunar og Helse Bergen HF om samarbeid mellom spesialisthelsetenester og kommunar om spesialisering av psykologar, jf. rammeplan for KOMPIS-stillingar.
- Vurdere vidare forankringsprosess for inngåing av interkommunalt samarbeid om tilsetting av psykologar til KOMPIS-stillingar.

